



Berit Alette Bjørge  
Haukeberget 20  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14895 - 20/61258

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
29.09.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 244/24 Fjelde

**Tiltak:** Tømming og utbetring av septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 244/24  
**Tiltakshavar:** Berit Alette Bjørge

Alver kommune har 28.08.2020 mottatte melding om at det sig septik ut i terrenget frå septiktanken på eigedommen din, med adresse Eidsnesvegen 173, 5913 Eikangervåg. Septiktanken viser seg å vere tom, og septiken som har sige ut i terrenget, renn inn på ein annan grunneigars eigedom. Lekkasje frå tanken tyder på at den ikkje fungerer slik den skal, og avløpsvatn/kloakk som renn ut i grunnen medfører fare for forureining og fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

### **Tanken må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 15.10.2020.**

Utsleppsløyve for eigedommen med gbnr 244/24 er gitt 14.08.1980 frå tidlegare Lindås kommune. Men ved nærare ettersyn finn vi at det ikkje er oppretta ei fast tømmeordning med Norva24 AS for tanken på eigedommen din.

**Vi oppmodar deg om å ta kontakt med Norva24 AS snarast, for å opprette ei fast tømmeordning av tanken, slik at tilstanden slik den er i dag, kan unngås.**

Norva24 AS har telefon nummer 5778 1170 og nettsida er: [www.norva24.no](http://www.norva24.no).

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tanken og opprette tømmeavtale, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tanken er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen. Gi oss gjerne og ei tilbakemelding om at det er oppretta tømmeavtale.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**

Berit Alette Bjørge

Haukeberget 20

5119 ULSET